

# Nasjonalt campingpris til Eli Helga og Terje

■ ■ Røysta til topps av medlemmer ■ ■ Det absolutte toppsjiktet



**GJEV PRIS:** Eli Helga Grimsen og Terje Stalheim, her flankert av Bjørn R. Johansen, president i NBCC og Leon Tonheim, frå Sogn og Fjordane-avdelinga av NBCC.

Foto: Privat.

**SOGNDAL: – Noko av det flottaste eg har sett på ein campingplass, seier Jørgen Snoen i Norsk Bubil og Caravan Club, NBCC, som nyss var i Sogndal for å gjera stas på ei reiselivsverksemd.**

Han siktar til campingplassen på Kjørnes, og ganske særleg anlegget sitt unike sanitær- og servicebygg.

## Medlemsrøysting

– Særs smakfullt, seier NBCC-toppene, som kom til Kjørnes med organisasjonens Topp Camping-pris 2014.

Medlemene i Norsk Bubil og Caravan Club røystar kvart år over kven som fortener denne prisen. For fjoråret er prisen tildelt Eli Helga Grimsen og

Terje Stalheim for det solid gjennomførte campingproduktet Kjørnes camping.

## Fine kvalitetar

– Svært fortent, seier Jørgen Snoen, og held fram ei rad fine kvalitetar ved Kjørnes camping. Han rosar den fine måten gjestene blir mottekne på campingplassen, som tilbyr tretten hytter og to husvære, samt oppstillingsplassar for campingvogn, bubil og telt.

– Frå hyttene har ein kjensle av at ein bur i si eiga private, ein kan gå rett frå verandaen til sjøen for ein dukkert, seier Jørgen Snoen, og er kjempeimponert.

## Campingfjorden

I NBCC kjenner ein godt til den høge standarden på campingplassane i Sogn. Distriktet har campingplassar i det absolutte toppsjiktet.

Og for fjoråret har NBCC-medlemene sagt sitt, Kjørnes cam-

ping er toppen av toppen. Men familien Grimsen/Stalheim har ikkje kome dit gratis, dei har lagt ned store ressursar i arbeidet med å utvikla campingplassen på Kjørnes.

## Overrissingseffekt

– Me er stolte over å ha motteke ein slik pris, seier Terje Stalheim, og understrekar at det var høgst uventa.

Men han veit at det forpliktar og at det er krevjande å halda ein slik posisjon.

I fjor hadde campingplassen 33.000 gjestedøgn. Det representerer eit trafikkvolum med mon alegg overrissingseffekt i regionen.

Terje Eggum

terje.eggum@sognavis.no

**FARGAR:** Sanitær- og servicebygget ved campingplassen på Kjørnes vekker stor interesse, også i NBCC.

